



Kvinnherad kommunen seier opp avtalen om drift- og vedlikehald på vegen fram til Fjellandsbø. Vegen har ikkje vore brøytta dei siste åra. (Arkivfoto).

I brev til ein av grunneigarane, Sigmund Myklebust, kjem det fram at Kvinnherad kommune ikkje vil halda fram med drift- og vedlikehald på vegen frå Friheim til Fjellandsbø. Grunngevinga er at det pr. i dag ikkje er fastbuande på plassen. Tronge økonomiske rammer fører til redusert drift og vedlikehald, skriv Per Inge Naterstad, einingsleiar for Veg og park.

Naterstad syner i brevet til møte og dialog med grunneigarane, seinast i møte 21. september 2018, om dette er ein kommunal veg. Kommunen har vore på synfaring og vurdert tilhøva. Det er utført noko vedlikehaldsarbeid på vegen av Kvinnherad kommune med bakgrunn underskriven avtale frå 1960 talet. Vegen har i dag ikkje slik standard/funksjon at det er grunnlag for kommunen å halda fram med vedlikehald, skriv Naterstad i sitt brev.

Brevet vert avslutta med at kommunen kan tilby ein mindre kompensasjon til grunneigar for at det kan gjerast nokre naudsynte utbetringstiltak.

Uskedalen.no er kjend med at grunnlaget for å sei opp avtalen truleg vert endra. Ny busetnad på Fjellandsbø krev heilårsveg med god standard. Redaksjonen føl opp denne saka i nye innlegg på nettsida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal